



Protector Skilt AS
Nils Petter Nordvik
Sanddalsringen 3
5225 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2962 - 22/46240

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
15.06.2022

Løyve til oppføring av skilt på eigedom - gbnr 445/105 Manger nedre

Administrativt vedtak: Saknr: 684/22
Tiltakshavar: Vestland fylkeskommune v/Eiendomsavd.
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak uten ansvarsrett

VEDTAK

Det vert gjeve løyve for oppføring av skilt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan vedlagt søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-4.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av skilt på 2,3 meter x 1 meter.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.04.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.04.2022 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Manger sentrum med planid 12602007000800 er definert som offentlege bygningar, O4.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Ansvarleg s kjar viser til at tiltak ikkje p averke naboar sine interesser, og at det dermed ikkje er naudsynt med nabovarsel.

Kommunen er samd i ansvarleg s kjar si vurdering, og vurderer det slik at naboane sine interesser ikkje vert r aka av arbeidet.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan vedlagt s knad.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og f rast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

VURDERING

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing fr  Statsforvaltaren.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova   20-1 er s knadspliktig etter   20-2. Dette tiltaket kan du s kje om sj lv, jf. pbl   20-4.
- Dispensasjon er s knadspliktig etter pbl   19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av s knad etter pbl f lgjer av pbl   21-7.
- S knad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl   21-3.
- Alle eigedomar m  ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl    27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar m  ha sikra tilkomst til offentlig veg etter pbl   27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl    29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl   29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppf rast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl   29-5, med mindre det er gitt fritak etter s knad, med grunnlag i pbl   31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK   9-6.
- Tiltaket krev skildring av milj sanering etter TEK   9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilk ara i pbl   19-2 andre ledd er oppfylt, men b r ikkje gi dispensasjon viss ei direkte r aka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til s knaden.

- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjievast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/2962

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg 3-4 Redegjrelse og situasjonskart

Mottakarar:

Protector Skilt AS

Sanddalsringen 5225
3

NESTUN

Vestland fylkeskommune
v/Eiendomsavd.

Postboks 7900 5020

BERGEN